André Danielsen Skintveit
Åsebøvegen 93
5917 ROSSLAND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 22/1694 - 23/15352 | Marte Hagen Eriksrud<br>marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no | 24.02.2023 |

# Innspel som ikkje kan løysast i kommuneplanen sin arealdel

Alver kommune har fått om lag 600 innspel til kommuneplanen sin arealdel. Tusen takk for ditt innspel!

Vi har no lest gjennom alle innspela til planarbeidet. Nokre av innspela gjeld tema og problemstillingar som ikkje kan løysast i kommuneplanen sin arealdel.

På grunn av kapasitet har vi dessverre ikkje høve til å ta direkte kontakt med den enkelte som har sendt inn slike innspel. Dette brevet inneheld difor ei oversikt over kva type innspel som ikkje kan behandlast i kommuneplanen sin arealdel, samt informasjon om kor du kan ta kontakt for å sikre rett behandling av innspela.

Alver kommune har ei eiga nettside med nyttig informasjon om arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Her finn du informasjon om planarbeidet, lenke til kart med oversikt over alle konkrete arealinnspel, saksgrunnlag og vedtak i politisk styringsgruppe, samt tidslinje for planarbeidet. Sjå meir på: Alver kommune - Kommuneplanen sin arealdel

## Innspel som ikkje kan løysast i kommuneplanen sin arealdel

*Tabell 1 Oversikt over innspel som ikkje kan løysast i kommuneplanen sin arealdel*

| TYPE INNSPEL | KVA ER RETT PROSESS FOR SLIKE INNSPEL? |
|---|---|
| Frådeling av eigedom | Frådeling av eigedom er ein eigen søknadsprosess. Sjå meir informasjon her: Alver kommune – Deling av eigedom og arealoverføring |
| Feil i reguleringsplan | Er det feil i ein reguleringsplan, må det søkast om endring av reguleringsplanen. Sjå meir informasjon her: Alver kommune - Skal du lage privat reguleringsplan? Du kan kontakte planvakta for rettleiing: Alver kommune - Kontakt oss |
| Arealføremål i kommuneplanen sin | Kommuneplanen sin arealdel er meir overordna enn ein detaljreguleringsplan. Til dømes kan eit område i |

| | |
|---|---|
| arealdel er i tråd med innspelet, men arealet har i reguleringsplan fått eit anna underformål, til dømes friområde. | kommuneplankartet vere avsett til bustad (gul farge i kartet), mens det same arealet i reguleringsplanen kan vere avsett til friområde, leikeareal eller grøntområder. For å få til ei endring må det i tilfelle gjerast som ei endring av reguleringsplan. Sjå meir informasjon her: Alver kommune - Skal du lage privat reguleringsplan? Du kan kontakte planvakta for rettleiing: Alver kommune - Kontakt oss |
| Innspel som er i tråd med gjeldande plan | Finn du ikkje innspelet ditt i innspelskartet, kan det hende at du har gitt innspel på endringar som alt er med i gjeldande plan. I slike tilfelle kan du gå vidare til regulering og/eller byggesak for ønskja tiltak, og må ikkje vente på at kommuneplanen sin arealdel for Alver er vedtatt. Sjå heimesida til kommuneplanen for tilgang til innspelskartet: Alver kommune - Kommuneplanen sin arealdel. Merk at innspel på vidareføring av areal ikkje er lagt i innspelskartet, men er ein del av kunnskapsgrunnlaget for planarbeidet. |
| Ønskje om oppstart av regulering | Detaljregulering eller byggesøknad er ein eigen prosess. Sjå meir informasjon her om reguleringsplan: Alver kommune - Skal du lage privat reguleringsplan?. Informasjon om byggjesøknad finn du her: Alver kommune - Skal du byggje, endre eller rive? |
| Ulovleg bygg | Veit du om eit ulovleg bygg skal du varsle kommunen om det. Sjå meir informasjon her: Alver kommune - Ulovleg bygging |
| Offentleg vatn og avløp | Innspel med ønskje om tilkopling til offentleg vatn og avløp kan sendast til Alver kommune på:<br>• E-post: post@alver.kommune.no eller<br>• Postadresse: Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug<br>Merk innsendinga med: Eigedomsforvaltning, samferdsel, veg og VA. |
| Veglys | Innspel på utbygging av veglys kan sendast til Alver kommune på:<br>• E-post: post@alver.kommune.no eller<br>• Postadresse: Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.<br>Merk innsendinga med: Eigedomsforvaltning, samferdsel, veg og VA |
| Realisering av vegprosjekt | Realisering av eit vegprosjekt kan både vere kommune, fylkeskommune eller private utbyggjarar sitt ansvar. For informasjon om kven som har ansvar for eit konkret vegprosjekt, ta kontakt med teknisk forvaltning og drift i Alver kommune på:<br>• E-post: post@alver.kommune.no eller<br>• Postadresse: Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.<br>Merk innsendinga med: Eigedomsforvaltning, samferdsel, veg og VA |
| Ny veg /utvide veg | Vegane i kommunen kan vere private vegar, kommunale vegar eller fylkeskommunale vegar. Innspel om utbetring av kommunale vegar kan rettast til vegavdelinga i Alver kommune på:<br>• E-post: post@alver.kommune.no eller<br>• Postadresse: Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.<br>Merk innsendinga med: Eigedomsforvaltning, samferdsel, veg og VA. |
| Skuleveg og gang- og sykkelveg | Innspel på utbygging av gang- og sykkelveg kan sendast til vegavdelinga i Alver kommune på:<br>• E-post: post@alver.kommune.no eller<br>• Postadresse Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug. |

| | |
|---|---|
| | Merk innsendinga med: Eigedomsforvaltning, samferdsel, veg og VA. |
| Trafikktryggleik | Innspel på problem med trafikktryggleik kan sendast til vegavdelinga i Alver kommune på:<br>• E-post: post@alver.kommune.no eller<br>• Postadresse: Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.<br>Merk innsendinga med: Eigedomsforvaltning, samferdsel, veg og VA. |

Har du andre spørsmål, kontakt Innbyggjarservice på 56 37 50 00.

Med helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Marte Hagen Eriksrud
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*